

### Villreinen og kulturarven

- referat fra møte i arbeidsgruppe 3, 8.2.2018 (skype) kl. 9.00 – 10.00.

Til stede: Snorre Haukalid, Astrid Nyland, Kirsten Leira og Alf Odden

### Sak 1. Vertskapskurs / guidekurs for reiselivsbedrifter

Kirsten orienterte om arbeidet i programgruppa (referat frå møte er lagt ved).

Ein ser for seg eit kurs over ein lang dag, ein kvardag i siste halvdel av juni.

Det kan være aktuelt med eit oppfølgjane kurs til hausten.

Kursstad er ikkje bestemt, men Alf har kartlagt kulturminne nær aktuelle kursstader og her peiker Bjåen seg ut.

Forslag til kursinnhald: 1. Det faglege villrein, villreinfangst og kulturminnevern 2. Det pedagogiske knytt til formidling utendørs 3. Formidling av kulturhistorie og naturoppleving 4. Den gode forteljinga

Aktuelle kurshaldarar: Sveinung Bang Andersen, Ellen Tjønnholm Bø, Ragnhild Bjåen, Reidar Sandal

Alf undersøker nærare om kursstad og sender førespurnad til kurshaldarar.

### Sak 2. Utveljing av aktuelle kulturminnelokaliteter for formidling

Snorre og Astrid orienterte om kartlegginga som var gjort i dei respektive fylka.

Aktuelle stader er:

Dyregraver sør for Vatendalsdammen i Bykle – Snorre sjekker desse når snøen går

Heiberghytte på museet på Kvæven i Sirdal

Håheller i Valle, både heller og husmannsplass

Eidavatn i Hjelmeland med mange kulturminne nær turisthytta – her vil det være behov for etterregistrering i form av kartfesting og stadfesting av dei ulike kulturminna

Bogestille ved Heiavatnet i Suldal – UiS eller fylkeskommunen etterregistrerer til våren

Blåsjø – større informasjonsskilt/installasjon om tidlegare bruk av fjellandskapet

Alf undersøker samarbeid med pågåande skiltprosjekt i Rogaland fylkeskommune

Kirsten refererte til dei positive erfaringane med lydinstallasjonsopplegget i Hvaler nasjonalpark.

Alf tek kontakt med nasjonalparkforvaltar.

### Sak 3. Fellesturer/guidaturar til kulturminne

Desse fellesturane vil bli forsøkt arrangert i 2019:

Håheller i Valle – Naturlosprosjektet – Torfinn Hageland og Snorre? – ferdsel og bosetting i fjellet

Åstølvatnet i Åseral – Naturlosprosjektet – Kathrine Stene, Kulturhistorisk museum og Snorre? – jernvinneanlegg frå romertid  
Pytten i Bygland – Naturlosprosjektet – Flodquist? – Livet på fjellgarden  
Førsvatnområdet i Bykle – Naturlosprosjektet – Tommy Vadslid + Snorre – dyregraver, gjeterhytter  
Store Blåfjell i Hjelmeland 4.8 – Hjelmeland turlag – Trond Laugaland + Alf om kulturminne  
Reinsheia i Suldal 18.8 – Suldal turlag – Alf Odden – kulturminne knytt til villrein

Alf meldar inn turar til Naturlosprosjektet innan 1.mars.

#### **Sak 4 Skrivning av lokal villreinhistorie**

Snorre har hatt kontakt med Magne Undheim som har sagt ja til å skrive for Sirdal.  
Alf har vore i kontakt med Arne Kleppa som har sagt ja til å skrive for Hjelmeland.

Alf sett opp forslag til kontrakt til desse to.

Vi må og få på plass kandidatar som kan skrive for Bygland og Kvinesdal.  
Alf har sendt brev til sogelaga og håpar å få tips gjennom dei.

#### **Sak 5 Informasjon på eksisterande besøkssentra**

Snorre oreinterte om prosjektet i Agder.

Kvæven: Her hadde det vore lite respons frå Sirdal kommune, men det blir eit møte i veke 7. Guro kjem og til å delta. Marita Grimsø frå fylkeskommunen vil stå for utforming. Ein vil ikkje satse på digitale løysingar. Kan og være aktuelt å lage det som ei vandreutstilling.

Knaben: kommunens prosjektleiar ser interessert i å få til noko. Aktuelt at vandreutstillinga og plasserast her.

Minne: Møte om utstillinga 12.2.

Håheller: Aktuelt å erstatte eller supplere skjermen med informasjonsskilt/installasjon.

Nesflaten: Alf orienterte om at utstillinga ville bli utvida med ein del om jerv og villrein.

#### **Sak 6 Eventuelt**

Dato for neste møte. Vi prøver oss på 11. april (siste veka før påske).  
Alf sender innkalling straks og sakliste når det nærmar seg.

Suldal 11.02.2019

Alf Odden, referent